



Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Kåre Hole
Radøyvegen 984
5938 SÆBØVÅGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 17/260 - 17/5265

Saksbehandlar:
Andreas Granli
Andreas.Granli@radoy.kommune.no

Dato:
24.04.2017

Landbrukssak Taule - Skadefelling av kråke - Vedtak

Kåre Hole ringte Landbrukskontoret, 24.04.17, angående skadefelling av kråke på hjå Torleif Taule, gbnr 71/3 i Radøy kommune. Torleif Taule har sau og han har lam gåande ute på garden. Lamma er enkle bytte for ein kråkeflokk, spesielt no når lamma er små. Kåre Hole og Jan Gunnar Vakt skjold ynskjer, på vegne av Torleif Taule, å søke om felling av 5 kråker på gbnr 71/3.

Jakttida på kråke er 15.07 – 31.03. Radøy kommune er ein kommune med mykje landbruksaktivitet og sauehald. Lamminga er no i gang og lamma er enkle bytte for ein kråkeflokk. Jakttida samsvarar ikkje med perioden skadepotensialet er størst og skadefelling er i nokre tilfelle nødvendig for å begrense skade og tap av lam. Skadefelling er eit unntak frå viltlova og fredningsprinsippet for å hindre eller begrense skade, og skal ikkje brukast som bestandsregulerande verkemiddel.

Søknaden skal handsamast etter Forskrift om felling av viltarter som gjør skade eller som vesentlig reduserer andre viltarters reproduksjon FOR 1997-09-01 nr 1000.

Det er eit krav at skaden er skjedd før ein kan gje løyve til skadefelling. Kråkene hakkar på lamma og går etter augene og andre mjuke punkt. Sauen vert og stressa og må halde konstant oppsyn med lamma for at kråkene ikkje skal ta dei. Lamma er ein viktig del av bonden si inntekt og tap av lam utgjør eit stort økonomisk tap i form av tapt inntekt.

Forskrift om felling av viltarter som gjør skade eller som vesentlig reduserer andre viltarters reproduksjon kapittel II, punkt A: *Hettemåke, fiskemåke, gråmåke, svartbak, bydue, ringdue, svarttrost, gråtrost, måltrost, rødvingetrost, skjære, kråke, ravn, gråspurv, hare, rødvær, røyskatt, mink, mår og grevling, kan felles uten særskilt tillatelse hele året av eier/bruker/rettighetshaver eller den han bemyndiger når disse gjør skade av vesentlig økonomisk betydning på en eller flere av følgende verdier: Hus, hage, åker, plante- eller frøkultur, aktivt drevne egg- og dunvær, pelsdyrfarm, fjørfeoppdrett eller viltoppdrett.*

Kapittel II, punkt B andre ledd opnar for at kommunen kan gje skadefellingsløyve av artar som nevnt under punkt A, for anna skade enn det som kjem fram av bestemmelsen. Skadefellingsløyve er eit

unntak frå viltlovas generelle fredningsprinsipp og frå prinsippet at viltartane skal vera freda i yngletida.

Det er eit krav om at det skal vera brukt andre metodar for å få bukt med problemet før ein skal gje skadefellingsløyve. Skremming har ikkje gitt resultat og kråkene er kjapt attende.

Vedtak:

Landbrukskontoret gjev løyve til felling av 5 kråker hjå grunneigar Torleif Taule. Fuglane skal hengast opp eller leggest slik at andre kråker vert skremd vekk. Det skal prioriterast å ta ut skadegjerande individ. Løyvet gjeld fram til 5. mai.

Med helsing

Andreas Granli
rådgjevar landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Kåre Hole

Radøyvegen 984 5938

SÆBØVÅGEN